

Ny sjanse for petanque og komle.

17.09.2017



Geir Nilsen stiller og gjev rettleiing i petanque. Denne gongen vert det mykje betre ver!

Nyleg vart st gjort forsøk på å kombinera petanque på den nye banen på Sandakaien med komlemiddag på Oska. Det regna formeleg vekk, for den dagen var det ei einaste lang og kraftig regnbyge. Komande torsdag vert det eit nytt forsøk på å få fart på den flotte petanque-banen med internasjonale mål som vi har fått her i bygda.



Kombinasjonen petanque og komle kan verta ein slagar i Uskedalen.

Geir Nilsen stiller på ny opp for å gje rettleiing i dette spelet som høver for alle aldergrupper av begge kjønn i alle mogelege fysiske tilstandar. Her vil vi få lært reglane som er ganske så enkle. På grunn av at spelet er svært sosialt og passar for ei brei brukarbruppe, er det blitt veldig populært andre stader. På Stord t.d. er det blitt reine farsotten med ein klubb med svært mange medlemmer. Dei som ønskjer det, deltar også i større turneringar.

Dette miljøet har dei klart å byggja opp på Stord trass i at dei har langt dårlegare banetilhøve enn oss. Dei misunner kvinnheringane den flotte banen som Spar Uskedalen har bygd.

Samstundes, frå kl.15 til 18 torsdag, er SmakifråOska klar med det populære komlebuffèet sitt som inneholder lammebog, knokekjøtt, korv, kålrot og bacon i tillegg til komlene. Dermed kan dei som ønskjer det kombinera middagen med petanquespel. Ja, dersom nokon skulle føretrekkja hesteskokasting, vert det også lagt til rette for det. Ein treng ikkje ta med utstyr då ein kan få låna dette.

Med det gode veret som er meldt, ligg det til rette for ein skikkeleg triveleg torsdag ettermiddag på Sandakaien. Etter ønskje kan ein velja berre middag, berre spel eller full pakke. Dette kan vera ein ny sosial møteplass i Uskedalen.

Eg stiller i alle fall, og vel full pakke!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland